



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 21.08.2015
Vår ref.: 2014/24442-6
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg innspel - søknad om oppføring av bustadhus og bygging av tilkomstveg - Ytre Fosse Gnr 146 Bnr 47 - Askeladden id. 127181 - Lindås kommune

Det vert vist til telefonsamtale 20.08.2015 med Lindås kommune v/Knut Bjørnevoll vedrørande førehandsuttale i saka. Jf korrespondanse i saka, seinast vårt brev til grunneigar Bjørn Gunnar Fjærrestad dagsett 19.08.2015. Saka gjeld oppføring av bustadhus ved gravminne med Askeladden id. 127181 på gnr. 146/47, Ytre Fosse i Lindås kommune og bygging/utbetring av tilkomstveg til tomta. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I den nordlege delen av tomta er det registrert eit automatisk freda kulturminne, gravminne med Askeladden id. 127181. Det er kjend ei rekkje førhistoriske gravfunn i nærområdet.

I mange tilfelle der bygging er planlagt nær automatisk freda kulturminne, vil fylkeskommunen rá i frå bygging. I denne saka vurderer Hordaland fylkeskommune å tilrå at Riksantikvaren gjev dispensasjon for inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. § 8,1. ledd i kulturminnelova. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis vert gjeve på vilkår av nærmare arkeologisk gransking av det ráka kulturminnet.

Det ligg pr dags dato ikkje føre søknad om tiltak på tomta. Før Hordaland fylkeskommune kan oversende saka med vår tilråding til Riksantikvaren, må det føreligge bygesøknad frå grunneigar til Lindås kommune. Søknaden sendast Hordaland fylkeskommune på høyring frå kommunen. Vi minner om at det er Riksantikvaren som fattar vedtak i saka etter kulturminnelova § 8,1. ledd, og at kommunen må vente med å godkjenne eventuell bygesøknad til endeleg kulturminnefagleg fråsegn ligg føre.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Bjørn Gunnar Fjærrestad

